



## **SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Boge, Jan Erik	<b>Arkivkode:</b> FE - 440
<b>Arkivsaksnr:</b> 17/265	<b>Løpenr:</b> 17/10042
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### **SAKSGANG**

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kommunestyret	16.11.2017	048/2017

#### **Prosjekt for reduksjon av sjukefråværet i Samnanger kommune**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret ber rådmannen iverksetja tiltak for å redusera sjukefråværet i kommunen. Det vert her vist til kommunen si målsetjing om at det samla sjukefråværet ikkje skal vera over 6,5%.

Rådmannen skal i 2018 orientera om framdrifta i arbeidet på kvart møte i formannskapet og arbeidsmiljøutvalet, samt i kommunestyret sitt juni-møte.

##### **16.11.2017 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

##### **KS- 048/2017 Vedtak:**

Kommunestyret ber rådmannen iverksetja tiltak for å redusera sjukefråværet i kommunen. Det vert her vist til kommunen si målsetjing om at det samla sjukefråværet ikkje skal vera over 6,5%.

Rådmannen skal i 2018 orientera om framdrifta i arbeidet på kvart møte i formannskapet og arbeidsmiljøutvalet, samt i kommunestyret sitt juni-møte.


##### **Kva saka gjeld:**

I kommunestyresak 023/2017 (Årsmelding 2016) bad kommunestyret om at det vert lagt fram sak om sjukefråværet i kommunen. Bestillinga var at saka skulle leggjast fram i

kommunestyremøtet 21.09.2007, men saka har vorte utsett til møtet 16.11.2017.

### *Sjukefråværet i Samnanger kommune*


Bakgrunnen for saka er at det samla sjukefråværet i kommunen gjennom fleire år har vore høgare enn målsetjinga om sjukefråvær på maksimalt 6,5%. Høgt sjukefråvær er uheldig for kommunen, både økonomisk og på andre måtar. Målsetjinga på 6,5% er vedeken av arbeidsmiljøutvalet (AMU). Nedanfor følgjer oversikt som viser kommunen sin sjukefråværsstatistikk for dei siste åra:



I tillegg til hovudmålet om samla sjukefråvær på maksimalt 6,5%, har det dei siste åra vorte vedteke separate mål for sjukefråværet i kvar eining. Desse målsetjingane er baserte på kva som vert rekna som normalt sjukefråvær i ulike sektorar på landsbasis. I 2017 er målsetjingane som følgjer:

Målsettingar sjukefråvær	
Samla sjukefråvær i heile kommunen	6,5%
Rådmannskontor og stab	3,8%
Teknisk forvaltning	3,8%
Sørvissester	3,8%
Teknisk drift	3,8%
NAV	3,8%
Funksjonshemma	9,0%
Heimetenester	9,0%
Sjukeheim	9,0%
Helse	3,8%
Kultur	3,8%
Ungdomsskulen	4,5%
Barneskulen	4,3%
Barnehage	7,0%

I 2016 var sjukefråværet i einingane i kommunen som følgjer:



### *Sjukefråvær i Samnanger i 2017*

Det samla sjukefråværet til no i 2017 ligg om lag på same nivå som i 2016. I perioden januar – september 2017 var det samla sjukefråværet 7,4%. Også i denne perioden var det store forskjellar mellom einingane. Høgast sjukefrvær hadde NAV (9,86%), heimetenestene (12,31%) og barnehage (13,38%).


### *Sjukefråværet i Samnanger i forhold til andre kommunar*

Kommunesektorens organisasjon (KS) utarbeider diverse sjukefråværsstatistikk. I deira statistikk for perioden frå 2. kvartal 2016 – 1. kvartal 2017 låg Samnanger på 18. plass blant kommunane i Hordaland (i alt 33 kommunar), med eit sjukefråvær på 8,91%. Samnanger låg med andre ord omtrent «midt i løypa» blant kommunane i fylket. I denne perioden var det Fedje (5,05%) og Fitjar (5,34%) som hadde lågast sjukefråvær i Hordaland.



I KS sin statistikk for 1. halvår 2017 er Samnanger blant kommunane i Hordaland som har høgast sjukefråvær (8,9%). I denne perioden var det Granvin (3,7%) og Jondal (6,2%) som hadde lågast sjukefråvær i Hordaland.

Når ein ser på sjukefråværsstatistikk frå andre instansar, er det viktig å merka seg at det sjeldan er fullt samsvar mellom denne statistikken og kommunen sin eigen statistikk. Det kan vera ulike årsaker til dette.


### *Sjukefråvær i 2016 i Samnanger fordelt på eigenmelding og sjukemelding*



### Lengd på sjkefråvær i Samnanger i 2016



### Sjkefråvær i Samnanger i 2016 fordelt på alder



### *Kostnader knytt til sjukefrvær*

Ved sjukefråvær er det ein arbeidsgjevarperiode på 16 kalenderdagar. I denne perioden må kommunen sjølv dekkja alle utgifter til både sjukeløn og eventuell vikar for den sjukemelde. Frå og med 17. sjukefråværsdag får kommunen refusjon frå NAV for utgifter til sjukeløn, etter reglane i folketrygdlova. Det som vert refundert er løn (opptil eit visst nivå) og feriepengar (innanfor gitte grenser). Kommunen sine utgifter til pensjonspremie vert ikkje refundert. Tilsette har som hovudregel rett til sjukepengar i inntil 52 veker.

Som det går fram av avsnittet ovanfor, medfører sjukefråvær økonomiske utgifter for kommunen. Dette gjeld ved alle sjukefråvær der det må takast inn vikar for den sjukemelde. Det er ikkje rekna ut nøyaktig kor store utgifter Samnanger har knytt til sjukefråvær, men det er snakk om betydelege utgifter kvart år. Dersom me klarar å redusera sjukefråværet, vil kommunen få ei økonomisk innsparing.

### **Vurderingar og konsekvensar:**

Høgt sjukefråvær har negative konsekvensar, både økonomisk og på andre måtar. Rådmannen vurderer det som viktig at det blir sett i verk tiltak for å redusera sjukefråværet i kommunen. Siktemålet bør i første omgang vera å nå målsetjinga om at sjukefråværet ikkje skal vera over 6,5%.

Rådmannen vil no gjennomføra eit prosjekt som har som hovudmålsetjing å redusera sjukefråværet, jf. avsnittet ovanfor. Ho vil kalla dette eit nærværprosjekt, fordi hovudfokuset bør vera på å få auka nærvær. Løns- og personalkontoret vil få hovudansvaret for å planleggja og gjennomføra prosjektet, i samarbeid med både leiarar, vernetenesta og tillitsvalde. Også eksterne instansar vil bli involverte, spesielt NAV Arbeidslivssenter i Hordaland, som har både god kompetanse og nødvendige ressursar for å hjelpa oss.

Det bør før årsskiftet fastsetjast ein tids-/prosjektplan, og hovuddelen av prosjektet bør gjennomførast i løpet av 2018.

Pr. i dag veit me ikkje om det vil vera nødvendig med ekstra økonomiske midlar for å få gjennomført prosjektet. Dette vil administrasjonen koma tilbake til dersom det viser seg å vera behov for økonomiske midlar.